

Elin og Henry Fanebust
Lindåsvegen 2088
5955 Lindåsvegen

Våge, 10.08.2021

Christian Rekkedal,
Landbruksdirektør.
Statsforvaltaren i Vestland

SAK: Øyding av matjord. Vi ber om statsforvaltaren si vurdering i forhold til jordlova §9 .

Gjennom det siste året har eit uoppretteleg tiltak skjedd på vårt naboanlegg, gbnr 99/4 i Alver. Vi har sendt brev om dette til kommunen etter kvart som tiltaket har vakse i omfang, men utan at kommunen har følgd det opp.

Dette har skjedd berre få meter frå huset vårt (på det næraste berre 13 m vekke), vi er einaste nabo og difor dei einaste som kan melde frå til kommunen. Saka er denne:

På eit tidlegare idyllisk småbruk i LNF-område har det vorte grave av (skrapa heilt ned til berget) **all matjorda** over ei samla flate på rundt 8 mål innmark. Store delar av flata er etterpå skoten ut. Vi har, ut frå borehol og flate, anslått utskoten masse til over 20.000 kubikkmeter stein, dvs meir enn 2000 lastebillass. Over dei 8 måla, der det før var innmark/matjord, er det no bygd opp eit gedigent steinplata i eit strekk på 180 meter (jfr. vedlegg). Tjukkelsen på steinmassen i plataet har eit anslagsvis snitt på 3 meter. På utsida av plataet er matjorda brukt til å kamuflere høgda på murane, dei er 4-5 m høge.

Her har ikkje vore søkt om nokon dispensasjon etter jordlova, slik jordlova krev. Eigar har ikkje ein gong pr idag gyldig konsesjon. Likevel er altså **all matjord fjerna** og **alt landskap vekke** over 8 mål.

Vi kjenner til at tidlegare eigarar i des. 2020 melde frå til kommunen om skadeverket, kommunen lova då synfaring utan at dette har funne stad. Etter eit brev frå oss i mars vart saka sett opp som tilsynssak med 1.prioritet, heller ikkje denne er følgd opp. Då vi skreiv brev til APM-utvalet i juni, reagerte dei oppløftande nok. Dei gjorde vedtak om synfaring, men lang sommarferie gjer at den tidlegast vil finne stad 1.september. I mellomtida kan vi som næraste nabo dagleg konstatere at steinplataet vert vidare oppbygd og utvida med stadig nye tusenvis av kubikkmeter med utskoten steinmasse. (Vi kan også konstatere at ein omsøkt landbruksvei klasse 4 i desse dagar vert avgravid i **8 meter bredde**, her vert djup og god matjord i 8 meter bredde fjerna.)

Vi set no heile vår lit til det politiske APM-utvalet, men er usikre på kva mandat dei har til å a) stoppe, og b) følgje opp. Kommune-administrasjonen har svikta totalt i denne saka ved å unnlate å følgje opp ansvaret sitt etter jordlova, trass i at dei har vore grundig informert. Folk utanfrå sine kommentarar er at dette småbruket no framstår som eit industriområde, og ingen forstår kvifor kommunen ikkje har stoppa denne, sitat: «galskapen».

Vi ser det som eit stort problem at sakshandsamarar/administrasjon i Alver no vil kunne vegre seg for å gå til bunns i saka, med tanke på å skulle avdekke svikt i eiga sakshandsaming. Vi stiller spørsmål ved om dei med dette vil vere i stand til å behandle denne saka uhilda. Spm: Kva må til for å bringe inn ein setje-kommune i den vidare handsaminga?

Vi kan og nemne at i byggesøknaden som 23.6. vart midlertidig stoppa av APM-utvalet i påvente av komande synfaring, vart det søkt om kårhus i tillegg til bolig, og adm. tilrådde utan motforestilling. Dette vart gjort ved å feilsitere landbruksavdelinga om at kårhus vil vere naudsynt, medan landbruksavd. eigentleg hadde sagt det motsette. Vi har for øvrig funne ein e-post frå tidleg fase i sakshandsaminga som kan vise det *eigentlege* motivet for å byggje bustad nr 2, at tanken eigentleg er eit *gjestehus*. (Kårhus/gjestehus fortonar seg elles som ein dårleg kombinasjon).

Som nevnt har eigar pr idag ingen gyldig konsesjon, og vi vil til slutt stille spørsmål ved om ikkje eigar, ved grovheita i brota på jordlova, har diskvalifisert seg som «skikka» når det gjeld ein ny konsesjon på bruket? Vi meiner det *må* sanksjonerast i denne saka, for å unngå presedens.

Vi vil vere svært takksame for statsforvaltaren si vurdering i saka.

Med vennleg helsing
Elin og Henry Fanebust

Vedlegg 1: Drone-bilete, tatt 09.08.21. Litt forklaring: Det oppbygde steinplataet går *heilt* inntil/langs heile vår tun-grense. Så er det bygd ein 2 m brei og 1 m høg og skrånande jordvoll på toppen, no delvis tilgrodd med ugras. Ein frykteleg konstruksjon, som til og med er delvis lagt på vårt område. Steinplataet går *heilt ned* til nederste bilet-kant, men vanskeleg å sjå under trea. Her er det etterpå kamuflert med tynt lag jord.